

Det Kongelige Kultur- og kyrkjedepartement
Postboks 8030 Dep.
0030 OSLO

09.04.2009

Høyringsuttale frå Røldal sokneråd. Rapport : På livets vei. Pilegrimsmotivet – et nasjonalt utviklingsprosjekt.

Røldal sokneråd takkar for invitasjonen til å kome med uttale om pilegrimsprosjektet . Soknerådet og samarbeidspartnarane Røldal bygdemuseum og Røldal reiselivslag elles er svært nøgde med at den regjeringsoppnemnde komiteen har utpeika Røldal som eitt av åtte regionale senter for pilegrimsvandring.

Vi er og svært tilfreds med å få full tilslutning om planen for pilegrimssenter i Røldal frå Odda kommune, Hordaland fylkeskommune og Bjørgvin bispedømeråd, med tidlegare biskop Ole D. Hageseter som er ansvarleg for prosjektet på fylkes- og bispedømenivå .

Kort historikk omkring oppattninga av pilegrimstradisjonen.

Initiativet til oppattning av pilegrimstradisjonen vart teken av sokneråd og soknepresten - saman med medlemmer av reiselivslaget - ved midten av 1990- talet. Etter kvart vart den lokale museumsnemnda involvert i prosjektet. Samstundes med at det vart søkt etter kjelder for meir kunnskap om pilegrimsvalfarten til Røldal stavkyrkje, var det andre som tok til med kartlegging av gamle vegleier til Røldal og stavkyrkja.

Eldre folk var til god hjelp i dette arbeidet, og i løpet av eit par år var dei viktigaste vegane kartlagde, rydda og merka innanfor Røldalsbygga sine grenser. Gamle stadnamn kom fram som kunne fortelje om vandring med særskilde føremål : Krosslia, Krossluten, Olavssteinen .

Bygda låg slik til at hovudferdsle mellom aust- og vestland sør for Hardangervidda frå gamalt kom til å gå gjennom dalen her. Naturleg var det då at det etter kvart vart marknad her, ein handelplass der folk kunne kome for å byte varer. Røldalsmarknaden gjekk trulegvis heilt tilbake til førkristen tid, men vart lagd ned først ut på 1800-talet.

Stavkyrkja med det undergjerande krusifikset.

Røldal stavkyrkje er i flg. nyare datering bygd omkring år 1270. Alt på 1300- talet vart ho kjend for å vere ei lovekyrkje. Her hang krusifikset med den helbredande kraft ved sveitten som vart avsondra Jonsoknatta (gml. jonsok 7. juli, etter den Julianske kalenderen) . Pilegrimsvandringa, som tok til på 1300- talet, kunne halde fram i den katolske tida utan nemnande hindringar, men frå reformasjonen vart innført (1537) i Noreg kom det påbod om at midnattsmessa ved gml. jonsok skulle taka slutt. Imidlertid var gjetordet om kyrkja og krusifikset vorte kjend i vide krinsar, valfarten kom til å halde fram, og det utan større hindringar av to viktige årsaker : For det første ved at kyrkja vart verande utan prest ved overgangen til den evangelisk- lutherske trua, og dermed var her ingen kyrkjeleg person som var plikta å rapportere til prost og biskop ; og for det andre ved at bygda låg langt borte frå dei kyrkjelege maktsentra og slik var vanskeleg å halde oppsyn med. Såleis kunne den gamle tradisjonen halde fram i 300 år etter reformasjonen var innført, fram til 1835, då prosten i Ryfylke kom på vitjing nett til pilegrimshelga.

Vegar, krossvandring og midnattsmesse

Etter at det viktigaste arbeidet med vegane på heimegrunn var fullført ved tusenårsskiftet, var det tid for å tilskipe dei første pilegrimsvandringane i vår tid, frå Austmannalia (på vegen mot Telemark), om

Krosslia og nedetter gamal stig og kløvveg til bygda og fram til midnattsmesse i stavkyrkja . Oppslutninga var stor, både frå bygda og ikkje minst frå nabobygdene i Hardanger og Ryfylke, men og frå Vest- Telemark.

Frå tusenårsskiftet av vart det utvikla samarbeid med bygder og sokn i bygdelaga rundt Røldal, t.d. historielag og sokn i Vest- Telemark, Øvre Setesdal, og nærområda i Ryfylke , Sunnhordland og Hardanger.

Særleg omfemnande samarbeid voks fram med bygder og sokn i Vest- Telemark. Vest- Telemark museum kom til å stå sentralt i arbeidet her. Den gamle vegleia frå Seljord til Røldal vart kartlagd, rydda og merka – og teken i bruk for årleg vandring - til Røldal. Den viktigaste vandringa tek til ved St. Hanstider i Seljord og når målet i vest etter ni dagsmarsjar, den næraste helga til gml. jonsok – til midnattsmesse og pilegrimshelg i Røldal. Vandringa er godt organisert, kjentmenn med lokalhistorisk kunnskap følgjer gruppa frå dag til neste. Her får ein høyre om Olavskjelda i Morgedal, Krossneset på Haukelifjell, Olavssteinen i Austmannalia og til sist Krosslia i Røldal der det frå gammalt var tid og stad for å ta på seg kne- og albogefjøljer for dei som skulle gå botsgang den siste delen av vegen fram til pilegrimskyrkja.

Samarbeidet førte og til at ”Kulturhistorisk Vegbok for pilegrimsvegen frå Vest-Telemark til Røldal” vart utgjeven i 2007. Boka er skriven av Una Høydal, tilsett ved Vest- Telemark Museum. Med sine vegkart og tekstar supplert med bilete er boka nyttig lesing for alle, og ikkje minst for grupper og enkeltpersonar som vandrar på eiga hand utan kjentmann.

Årlege vandringar kom tidleg i gang frå Hovden i Øvre Setesdal, likeså frå nabobygda Suldal i Ryfylke. Spreidde vandringar er under utvikling frå Sauda i Ryfylke, Sunnhordland og Hardanger/Odda. Alle vandringar følgjer gamle vegfar fram til endemålet. I løpet av år 2010 vil arbeidet med alle dei nemnde vegleiene, kartlegging, restaurering og skilting, vere fullført.

Røldal sokn hørde opphaveleg til Stavanger bispedøme (til soknet vart lagt inn under Bjørgvin Bispedøme i 1863 . Stavanger bispedøme strekte seg nordover om Suldal og Røldal til Hallingdal og Valdres. Ved visitas kom bispen med følge om Suldal, tok seg så fram med hestefølgjet langs `Prestevegen` over til Røldal og fylgde `Bispevegen` vidare frå Valdalen i Røldal nordover Hardangervidda til Hallingdal og vidare til Valdres.

Pilegrimssenter .

Med ferdig merka og rydda stigar kjem større og mindre grupper av vandrarar, turfolk og turistar, langs leidene til Røldal. Her er stavkyrkja open på dagtid frå mai – september og det er høve til omvising.

Det vert arbeidd med å få bygd eit pilegrimssenter der vandrarar og andre kan bli tekne i mot på ein god måte. I tillegg til åndeleg føde vil det vere mange som vil setje pris på å finne ein kafe som kan by på enkel servering.

Ynskjeleg er det å kunne tilby dei besøkande noko som har med pilegrimstradisjonen å gjere. Kanskje kan det koma på tale med eit biletspel som handlar om det undergjerande krusifikset, og trua på kva det kunne utrette for dei som hadde prøvd alt og var utan håp.

I dette senteret bør det og bli plass til eit bibliotek og konferanserom og møterom for kurs- og studiegrupper med høve til m.a. å tileigne seg nye kunnskapar gjennom gransking av skriftleg materiale, gjenstandar, bilete og kunst med tilknytning til hovudtemaet – pilegrimsmotivet.

Eit rom for stillhet, ettertanke og kanskje undring, vil det vere behov for.

Kontorplass for prest, sokneråd, reiselivslag og museum treng det avsetjast plass til.

Resepsjon for mottak av besøkande for generell informasjon om kyrkja og lokalsamfunn må ha plass i bygget, grupper som ynskjer guiding i kyrkja, startar omvisinga frå Pilegrimssenteret.

Vegen vidare.

Størstedelen av arbeidet med pilegrimsprosjektet har så langt vore utført på dugnad, og det har fungert godt i ein oppbyggingsfase. Gamle vegar, stigar ,pilegrimsleier er opna på nytt . Bruer er bygde. Vandringar er komne i stand . Pilegrimsgruppene vert mottekne i kyrkja gjennom sommaren. Kulturhistorisk Vegbok til bruk på den mest brukte leia frå Seljord og vestover er forfatta og teken i bruk. Frå andre stader, t.d. frå Setesdal, er det laga eigne brosjyrer for vandringa. Eit merke med pilegrimsmotiv vil bli laga dette året. Prest og sokneråd har i 2008 fått laga nytt informasjonshefte om Røldal stavkyrkje.

Det er etablert eit godt, tillitsfullt samarbeid med aktuelle instansar og enkeltpersonar i bygdene rundt den sørlege delen av Hardangervidda. Samarbeidsorganet ”Pilegrimen” er nyleg stifta, har som hovudoppgåve å drifte pilegrimsvegen og –vandringane mellom Vest-Telemark og Røldal.

Samarbeidspartnarane sokneråd, museum og reiseliv ser klart behov for å få ein eigna stad for å ta imot alle som søker mot bygda og stavkyrkja. Det gjeld både dei som kjem vandrane , men og alle andre frå inn- og utland som besøker bygda på andre måtar gjennom sommaren. Om lag 10.000 vitjar kyrkja i løpet av ferisesongen. Eit pilegrimssenter ved kyrkja med dei planlagde tilbod, ville vere med å gje dei besøkande ei større forståing og meir heilhetleg oppleving det dei har vore med på. Omvisinga kan då starte med guide frå pilegrimssenteret , og etter omvisinga i kyrkja, kome attende til senteret for å nytte dei tilbod som finst her.

Lokalt har vi følt på at det er stor forståelse for eit slikt senter – både frå kommunalt hald, frå fylket og bispedømet, og frå nasjonalt hald ved at Røldal er utpeika som eitt av åtte regionale pilegrimsmål.

Frå lokalgruppa i Røldal kjenner vi vel på å ha kome til vegs ende med det vi har kunna bidra med i arbeidet for å berede grunnen for eit pilegrimssenter. Vi vonar på realisering av planane for pilegrimsbygg i år 2014.

Venleg helsing

Svein Gjörv
Røldal sokneråd, leiar